

Arkiv:

JournalpostID: 26/16551

Saksbehandlar: Anders Skipenes

Vedtaksorgan Kommunestyret

Breimsbygda Skisenter AS - Vedr. styret sin førespurnad til aksjonærane om driftsfinansiering - 2. gongs handsaming

Vedlegg

18.08.2026	Breimsbygda_Skisenter_vidare_driftsfinansiering
25.08.2026	Gloppen kommune - Utvikjellet skitrekk
25.08.2026	Anl.nr. 1445 0010 05 - saknr. 02-00364 - Gloppen - Utvikfjelle skianlegg
25.08.2026	Gloppen kommune - Breimsbygda skisenter AS
25.08.2026	garanti
27.08.2026	Breimsbygda skisenter august 26

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret i Gloppen avslår søknaden frå Breimsbygda Skisenter AS om tilførsel av kapital for å sikre drifta av skianlegget på Utvikjellet komande sesong.

Kort samandrag av saka

Breimsbygda Skisenter AS har ein svært anstrengt finansiell situasjon. Styret har i brev til eigarane, konkludert med behov for tilførsel av driftskapital for å kunne halde fram drifta. Dette skjer etter at ein siste sesong ikkje hadde normale driftsdagar i anlegget pga. snømangel.

A-aksjonærene i selskapet (Gloppen kommune, Stryn kommune, Breimsbygda Idrettslag og Vikane Idrettslag) er bedt om å tilføre selskapet kr. 1,3 mill. for å sikre drifta for komande sesong.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Breimsbygda Skisenter AS har ein svært anstrengt finansiell situasjon. Styret har i brev til eigarane, konkludert med behov for tilførsel av driftskapital for å kunne halde fram drifta. Dette skjer etter at ein siste sesong ikkje hadde normale driftsdagar i anlegget pga. snømangel.

A-aksjonærene i selskapet (Gloppen kommune, Stryn kommune, Breimsbygda Idrettslag og Vikane Idrettslag) er bedt om å tilføre selskapet kr. 1,3 mill. for å sikre drifta for komande sesong.

Kommunestyret i Gloppen handsama saka i ekstraordinært møte den 5. august (PS 060/26), og gjorde følgjande vedtak i saka:

«Kommunestyret ønskjer å arbeide for ei eigarløysing som kan sikre vidare drift av Breimsbygda Skisenter AS. Kommunestyret ber ordførar og kommunedirektør om straks å ta kontakt med SpareBank 1 Sogn og Fjordane, dei andre A-aksjonærene og styret for å avklare om det innan styret sin frist kan etablere ei samla finansieringsløysing.

Gloppen kommune legg til grunn at eventuelle økonomiske bidrag frå kommunen må sjåast i samanheng med ei vesentleg reduksjon av kommunen sitt eksisterande garantiansvar, og at dei andre eigarane og banken tek sin del av ansvaret.

Dersom ei slik løysing ikkje let seg etablere innan styret sin frist, tek kommunestyret til vitande at styret må gjere sine vurderingar i samsvar med aksjelova.»

Vedtaket vart gjort mot ei røyst; Ola Sundt Ravnestad (H).

Gloppen kommune stiller åleine bankgaranti for gjeld i Breimsbygda Skisenter AS. Denne utgjør p.t. kr. 1.445.740,-. Ovannemnde vedtak legg til grunn at Gloppen kommune vil vurdere å gå inn med driftstilskot under føresetnad av at kommunen vert risikoavlasta på engasjementet sitt.

Vedtaket inneber at ordføraren og kommunedirektøren får oppdraget å gå i dialog med Sparebank1 Sogn og Fjordane og dei andre A-aksjonærene om eventuell risikoavlasting.

Gloppen kommune hadde møte med Sparebank1 Sogn og Fjordane v/banksjef Ørjan Skåden fredag 7. august. Konklusjonen frå møtet var at banken ikkje vil sleppe eller redusere kommunen sitt garantiansvar sidan der ikkje ligg føre andre pantealternativ for banken knytt til dette engasjementet.

Gloppen kommune hadde vidare møte med dei andre A-aksjonærene tysdag 11. august. Med bakgrunn i førenemnde kommunestyrevedtak, vart dei andre aksjonærene oppfordra til å avlaste Gloppen kommune sitt garantiansvar. Det vart lagt til grunn at aksjonærene avlastar med utgangspunkt i eigarskapen (aksjedelen) i Breimsbygda Skisenter AS.

Under vert det gitt ei oppsummering av dei førebelse tilbakemeldingane frå dei andre aksjonærane:

Stryn kommune:

Kommunen har over tid arbeidd med å redusere garantiansvar dei har knytt til andre engasjement. Ordførar signaliserte at det vil sitte langt inne å ta på seg nytt garantiansvar overfor Breimsbygda Skisenter AS. Fungerande kommunedirektør signaliserte at administrasjonen vil innstille negativt på dette. Stryn kommune kan uansett ikkje ta endeleg stilling til saka før i kommunestyremøtet den 10. september.

Breimsbygda Idrettslag:

Idrettslaget har midlar til rådvelde, men vil måtte handsame saka i eit styremøte med det første.

Vikane Idrettslag:

Vil gjerne medverke til at Breimsbygda Skisenter AS kan drivast vidare, men signaliserte at dette først og fremst vil måtte skje ved praktisk arbeid (dugnad) ved senteret. Idrettslaget har ikkje økonomi til å ta på seg garantiansvar, og heller ikkje midlar som kan tilførast skisenteret. Styret i Vikane Idrettslag vil handsame saka formelt med det første.


Med utgangspunkt i dei to førenemnde møta, sende kommunedirektøren brev til styret i Breimsbygda Skisenter AS den 12. august. I brevet vart det orientert om kommunen sine møte med banken og dei andre aksjonærane. Det vart også orientert om at det ikkje vil vere mogleg å gje ei endeleg tilbakemelding på kapitalspørsmålet før etter kommunestyremøtet vårt den 16. september.

Vidare oppmoda aksjonærane styret på det sterkaste om å gå i dialog med andre aktørar mht. å hente inn driftskapital til Breimsbygda Skisenter AS. Aksjonærane la også til grunn at styret prøver å hente inn kapital frå næringslivsaktørar og einskildpersonar før eit endeleg kapitalbehov vert presentert for eigarane.

Gloppen kommune mottok svar frå styret i Breimsbygda Skisenter AS den 16. august, der ny frist for tilbakemelding vart sett til **21. september kl. 1200**.

Fakta i saka

Breimsbygda Skisenter AS driv skisenteret på Utvikjellet. Selskapet har følgjande eigarsamansetning:



Vedr. spelemidler

Breimsbygda Skisenter AS er ved fleire tidlegare høve tildelt spelemidler. Sidan 2010 har ordninga blitt endra fleire gonger. I 2019 vart kravet om kommunal garanti tatt bort. Endringa hadde ikkje tilbakeverkande kraft, noko som inneber at kommunale garantiar som er stilt før dette tidspunktet, framleis vil gjelde i 30 år etter tildelinga.

Gloppen kommune har hatt fleire møte med Vestland fylkeskommune om saka. Innleiingsvis innebar Vestland fylkeskommune si oversikt over tidlegare tildelte spelemidler at Gloppen kommune i verste fall kunne stå ansvarleg for spelemiddelgarantiar på til saman kr. 3,077 mill. – også ved ei eventuell avvikling av selskapet som følgje av konkurs.

Ein grundigare gjennomgang syner at dette garantiansvaret er betydeleg lågare, men vil framleis utgjere **kr. 857.000,-**. Dette beløpet kjem altså i tillegg til bankgarantien på kr. 1.445.740,-.

Der er døme på at kommunar har fått ettergitt garantiansvaret. Det siste eksempelet finn ein i Vik kommune, der eit hoppbakkeanlegg vart avvikla utan at kommunen måtte innfri garanti-ansvaret. Dette vil uansett vere ei sak som krev individuell handsaming i departementet, og utfallet vil – etter det kommunedirektøren kan legge til grunn, vere usikkert.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ved ein eventuell konkurs i Breimsbygda Skisenter AS vil kommunen måtte innfri garantiansvar og refusjon av tildelte spelemidler avgrensa oppover til **kr. 2.302.740,-**. Dette må dekkast ved bruk av disposisjonsfondet, og vil få direkte resultatkonsekvens for kommunen. Det er ikkje klart om dette eventuelt vil gjelde for inneverande eller komande år.

Konsekvensar for klima og miljø

Ei avvikling av drifta av skisenter vil innebære at anlegget (heisar, lysmaster og anna infrastruktur) vil måtte demonterast og fjernast. Ansvar for dette vil normalt ligge til buet, men i tilfelle der verdiane i buet ikkje er tilstrekkelege til å dekkje eventuelle oppryddingskostnader, er ansvaret meir uklårt.

Kommunedirektøren har vore i kontakt med KS Advokatene for å – om mogleg, få avklart kommunen sitt ansvar. Advokat Erna Larsen hos KS Advokatene har sendt følgjande tilbakemelding:

«Dersom det begjæres oppbud/konkurs – vil hele boet bli overlatt til bobestyrer. Den som vil kunne måtte bidra, vil normalt være daglig leder og styreleder i selskapet. At kommunen er største aksjonær betyr ikke at kommunen pålegges et oppryddingsansvar utover at kommunen må innfri avtaler som garantiansvar, eller andre avtaler der kommunen har bundet seg.»

Dersom anlegget blir ståande og forfalle over lang tid, vil dette ha negative miljømessige konsekvensar. Det er sjølvstøtt både i kommunen og innbyggjarane si interesse at dette ikkje skjer.

Sosiale konsekvensar

Skisenteret på Utvikfjellet er eit viktig tilbod til innbyggjarane i Gloppen og delar av andre nærliggjande kommunar. Dersom dette ikkje lenger eksisterer, vil dette kunne medføre negative konsekvensar – særskilt for barn og unge, men også meir generelt for folkehelsa i kommunen.

Vurdering opp mot planverk

Kommunen sin plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (KIFF) er lagt til grunn. Sjå sak PS 060/26 for nærmare omtale.

Kommunedirektøren si vurdering

Ei avvikling av Breimsbygda Skisenter AS – enten som følgje av ein konkurs eller ei styrt avvikling, vil innebere betydelege negative konsekvensar for Gloppen kommune. Den økonomiske følgja vil merkast, og vil eventuelt innebere at Gloppen kommune må innfri garanti og refusjon av spelemidlar på til saman kr. 2.324.740,-. Dette vil ha direkte resultatmessig konsekvens for kommunen.

Breimsbygda Skisenter AS er eit viktig tilbod for innbyggjarane i Gloppen, og ei eventuell avvikling vil ha både sosiale og folkehelsemessige konsekvensar – ikkje minst for barn og unge.

Ovannemnde inneber at viljen har vore stor – både politisk og administrativt, til å finne ei løysing. Det er likevel ikkje mangelen på vilje det skortar på. Når snøen ikkje lenger legg seg om vinteren, fell botnen ut av driftsgrunnlaget for både Breimsbygda Skisenter AS og fleire andre vintersportsanlegg på Vestlandet. Alle prognosar tyder på at vintrane i vår del av landet vert kortare, mildare og våtare. Kommunedirektøren legg dette til grunn for tilrådinga.

Tilførsel av meir driftskapital for å sikre den komande sesongen, løyser problemet på kort sikt. På lenger sikt må kommunen og dei andre aksjonærane vere budde på nye førespurnader frå driftsselskapet om kapital. Dette har kommunen ikkje økonomisk grunnlag til å kunne vere med på.

Kommunestyret signaliserte vilje til å tilføre meir kapital til Breimsbygda Skisenter AS då saka vart handsama i ekstraordinært møt den 5. august. Det var likevel ein utvitydig føresetnad at dei andre aksjonærane måtte ta sin del av ansvaret, og avlaste kommunen på den garantien som er stilt overfor SpareBank1 Sogn og Fjordane. Dei sonderingane kommunen har gjort overfor banken og aksjonærane, har ikkje ført fram.

Kommunedirektøren si tilråding i saka handsama 5. august var avslag på søknaden om å løyve driftskapital til Breimsbygda Skisenter AS. Den tilrådinga står seg framleis.

I møta med Vestland fylkeskommune har vi blitt orientert om konsekvensane ved ei avvikling med omsyn til tidlegare tildelte spelemidlar.

Kommunedirektøren meiner at Gloppen kommune må arbeide for å få ettergitt kravet om refusjon av spelemidlar på kr. 857.000,-. Grunngevinga må vere at dei driftsmessige føresetnadene for drift av skianlegg på Vestlandet har blitt vesentleg forverra som følgje av klimatiske endringar. Dette er forhold som kommunen ikkje kan påverke.

Vestland fylkeskommune opplyser at ein frå byråkratisk hald i Kulturdepartementet har vore tydeleg på at fritaket for refusjon av utbetalte spelemidlar, berre gjeld for hoppanlegg. Dersom Gloppen kommune skal søkje fritak for refusjon, er dette difor ei sak vår politisk leiing må ta med den politiske leiinga i departementet (kulturministeren).